



Mona hadde med seg både mor Venke og bror Vermund

Lyrikardebutant og journalist Mona Vetrhus (fødd 1975) frå Haugland i Uskedalen har hatt stor suksess på heimebane i 2 dagar. Fredag møtte ho sjuandeklassingane på Sunde og Valen og inspirerte dei til å skriva vakkert om forelsking. I dag vart ho bada på Bergslagen av lyrikarkollega og sundebuar Anne Karin Fonneland og kom svært bra frå det. Til uskedalen.no sa ho etterpå at ho kjende seg både nybada og glad ettersom ho hadde vore svært nervøs på førehand.



Badet er i full gang

Ho opplyste også at ho har starta skrivinga på ei ny diktsamling og ei barnebok og utelukkar ikkje at Uskedalen igjen kjem til å danna ein viktig del av bakteppet i bøkene. Sjølv om ho bur i Oslo kjenner ho seg sterkt knytt til heimstaden, noko som også i høgste grad kan lesast ut av 'Nokre gutar kjem ikkje heim i kveld'.

Bademeister Anne Karin var særst godt førebudd og kom like godt frå den timelange utspørjinga og tolkinga sjølv om også ho var debutant i denne rolla.

Anne Karin karakteriserte Monas bok som fin og særst lovande og var glad for at ein ny generasjon av forfattarar i Kvinnherad skriv på eit så høgt nivå. Det var tidlegare under dette seminaret opplyst at kommunen har ein forfattartettheit som er 4 gongar større enn landsgjennomsnittet!.

Bademeistaren fekk aksept frå forfattaren for alle tolkingane sine. Boka handlar i stor grad om liv og død, om landskap og dyr og gryande forelsking.

Eit viktig element i boka som Anne Karin påpeika er motsetnadane. Ho meinte også at forfattaren må ha observert og kjent mykje smerte. Lettast snakka Mona då ho fortalde om sitt eige livsløp. Ho har skreve i heile livet og har 3 kuffertar med dikt men var ikkje av dei flinkaste på skulen når det galdt å skriva. Då var ho betre i matte og engelsk.

Seinare på dagen kom turen til Jon Michelet som vart bada av kollega Atle Hansen frå Stord



Det var eit ramsalt driv over samtalen mellom Atle Hansen og Jon Michelet (Foto: Magne Fitjar)
Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



- Eg har alltid gjort det eg har lyst til